



## NYE VOLDA KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Fellesnemnd for nye Volda kommune  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset Smia  
**Dato:** 21.06.2018  
**Tid:** 11:00

Faste medlemer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Nestleiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemer som ikkje møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Rune Sjurgard	Prosjektleiar, nye Volda
Asbjørn Moltudal	Ass. rådmann, Volda
Paul Ottar Tornes	Prosessleiar digitalisering, nye Volda

# SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 26/18	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 27/18	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 28/18	<b>Valstyre - Nye Volda kommune</b>
PS 29/18	<b>Budsjettrevisjon/økonoirapport mai Nye Volda</b>
PS 30/18	<b>Felles digitaliseringssstrategi for kommunane på Søre Sunnmøre</b>
PS 31/18	<b>Orienteringssaker</b>
OS 31/18	<b>Orientering frå Temakomité for kulturbygging</b>
OS 32/18	<b>Medlemskap i Landssamanslutninga for nynorskkommunar ( LNK ) Nye Volda kommune</b>
OS 33/18	<b>Digital kompetanse i kommunane - workshops hausten 2018</b>
OS 34/18	<b>Referat frå felles ordførar- og rådmannsmøte i 7-stjerna</b>

## **PS 26/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

#### Innkalling

Ingen merknadar.

#### Sakliste

Odd A. Folkestad med ei etterlysing av årsverkramme med oversikt over aldersfordeling relatert til sak PS 29/18, jamfør vedtak i sak PS 23/17. Prosjektleiar Rune Sjurgard orienterte om at ei slik oversikt vil vere ein del av prosessen i samband med arbeidstakarkartlegginga.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste samrøystes godkjent.

## **PS 27/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

Ingen merknadar.

### **Røysting:**

Protokollen frå førre møte samrøystes godkjent.

## **PS 28/18 Valstyre - Nye Volda kommune**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Valstyret til Nye Volda kommune skal bestå av totalt 10 medlemmer.*

### **Samansetjing av valstyret:**

- *Som leiar i valstyret blir ..... valt*
- *Som nestleiar i valstyret blir ..... valt*
- *Som medlemmer i valstyret blir ..... valt*
- *Som varamedlemmer i valstyret blir ..... valt*

*Valstyret får mynde til å oppnemne røystestyre.*

### **Handsaming:**

Jørgen Amdam kom med følgjande framlegg til vedtak:

*Valstyret til Nye Volda kommune skal bestå av totalt 10 medlemmer.*

### **Samansetjing av valstyret:**

- *Som leiar i valstyret blir Stig Olav Lødemel valt*
- *Som nestleiar i valstyret blir Jørgen Amdam valt*
- *Som medlemmer i valstyret blir Sølvi Dimmen, Odd Harald Sundal, Margrete Bjerkvik, Odd Arne Folkestad, Randi Langlo, Eldar Engelund, Bente Tryggestad og Brynhild Lund Notøy valt.*
- *Som varamedlemmer i valstyret blir Hild Våge, Gunnar Strøm, Øyvind Festø, Margrete Trovåg, Dan Helge Bjørneset, Arild Iversen, Roald Arnold Espset og Sindre Rotevatn frå Volda, og Silvia Prøven Tangen, Anders Hjellbakk, Anne Raftevold, Per Maurret og Nina Lødøen Øen frå Hornindal valt.*

*Valstyret får mynde til å oppnemne røystestyre.*

**Røysting:**

Amdams framlegg til vedtak samrøystes vedteken.

**Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 21.06.2018**

*Valstyret til Nye Volda kommune skal bestå av totalt 10 medlemmer.*

*Samansetjing av valstyret:*

- *Som leiar i valstyret blir Stig Olav Lødemel valt*
- *Som nestleiar i valstyret blir Jørgen Amdam valt*
- *Som medlemmer i valstyret blir Sølvi Dimmen, Odd Harald Sundal, Margrete Bjerkvik, Odd Arne Folkestad, Randi Langlo, Eldar Engelund, Bente Tryggestad og Brynhild Lund Notøy valt.*
- *Som varamedlemmer i valstyret blir Hild Våge, Gunnar Strøm, Øyvind Festø, Margrete Trovåg, Dan Helge Bjørneset, Arild Iversen, Roald Arnold Espset og Sindre Rotevatn frå Volda, og Silvia Prøven Tangen, Anders Hjellbakk, Anne Raftevold, Per Maurset og Nina Lødøen Øen frå Hornindal valt.*

*Valstyret får mynde til å oppnemne røystestyre.*

**PS 29/18 Budsjettrevisjon/økonoirapport mai Nye Volda**

**Administrasjonen si tilråding:**

Økonomirapport mai for Nye Volda vert teke til vitande.

Fellesnemnda godkjenner at tiltaka det vert vist til i saksutgreiinga vert godkjent og kan finansierast av løyvde prosjektmidlar.

**Handsaming:**

Prosjektleiar Rune Sjurgard med følgjande redaksjonell endring av punkt 3, tredje setning, i avsnittet Saksopplysningar/fakta:

*«Kommunalsjef samfunnsutvikling tiltarer 1. januar 2020 og går inn i prosjektleiargruppa til Nye Volda.»*

vert endra til:

*«Kommunalsjef samfunnsutvikling tiltarer 1. januar 2019 og går inn i prosjektleiargruppa til Nye Volda.»*

Prosjektleiar/-rådmann Rune Sjurgard orienterte om at administrasjonen vil i løpet av kort tid inngå kontrakt med Statens Vegvesen om samarbeid for å få bygt fiber mellom Volda og Grodås. Kostnaden er før innhenting av anbod grovt rekna til i overkant av 5 mill kr.

**Røysting:**

Administrasjonens tilråding samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 21.06.2018**

*Økonomirapport mai for Nye Volda vert teke til vitande.*

*Fellesnemnda godkjenner at tiltaka det vert vist til i saksutgreiinga vert godkjent og kan finansierast av løyvde prosjektmidlar*

## **PS 30/18 Felles digitaliseringssstrategi for kommunane på Søre Sunnmøre**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Fellesnemnda sluttar seg til framlegg til felles digitaliseringssstrategi for kommunane på Søre Sunnmøre. Fellesnemnda tek til vitende orienteringa om IKT-prosessane i samband med samanslåing av Hornindal og Volda, og ser dette samla sett som IKT-strategi for nye Volda.*

*Handlingsplan for perioden 2018-2021 slik den ligg føre vert teken til vitende.*

### **Handsaming:**

Prosessleiar for digitalisering, Paul Ottar Tornes, møtte til saka for å orientere om digitaliseringssstrategien og handlingsplan til digitaliseringssstrategien.

Tornes sin presentasjon er [elektronisk tilgjengeleg på plattforma Prezi](#) og vil også bli gjort tilgjengeleg som vedlegg på [www.nyevolda.no](#).

### **Røysting:**

Administrasjonens tilråding samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 21.06.2018**

*Fellesnemnda sluttar seg til framlegg til felles digitaliseringssstrategi for kommunane på Søre Sunnmøre. Fellesnemnda tek til vitende orienteringa om IKT-prosessane i samband med samanslåing av Hornindal og Volda, og ser dette samla sett som IKT-strategi for nye Volda.*

*Handlingsplan for perioden 2018-2021 slik den ligg føre vert teken til vitende*

## **PS 31/18 Orienteringssaker**

## **OS 31/18 Orientering frå Temakomité for kulturbygging**

Leiar i komiteen, Odd Harald Sundal, orienterte for Fellesnemnda kva som har blitt jobbar med sidan komiteen vart etablert.

Komiteen har definert si oppgåve til å finne arenaer og møteplassar der folk kjem saman og skaper sosiale relasjonar og sams identitet. Temakomiteen ønskjer å leggje eit ekstra fokus på å engasjere ungdomen i å knyte nærmare band på tvers av kommunegrensa.

Sundals presentasjon vil bli gjort tilgjengeleg som vedlegg på [www.nyevolda.no](http://www.nyevolda.no)

## **OS 32/18 Medlemskap i Landssamanslutninga for nynorskkommunar ( LNK ) Nye Volda kommune**

Begge kommunar er i dag medlem av LNK, og Fellesnemnda var samde om at ein såg ingen grunn til at nye Volda ikkje skulle vidareføre eit medlemskap i LNK som ny kommune i 2020.

## **OS 33/18 Digital kompetanse i kommunane - workshops hausten 2018**

Jamfør møtereferat i den administrative styringsgruppa frå 7. juni 2018, vart følgjande personar føreslegne til å delta på den oppsette workshopen ved Gloppen hotell, Sandane, førstkomande haust:

- Stig Olav Lødemel
- Ann Kristin Langeland
- Éin tillitsvald frå kvar kommune (totalt 2 stk.)
- Paul Ottar Tornes
- Joakim Rødven

Kvar kommune kan sende inntil 7 personar. Fellesnemnda var samde om at nye Volda burde fylle kvota om mogeleg. Fellesnemnda gav derfor administrasjonen mynde til å peike ut eit sjuande medlem i delegasjonen som deltek på workshopen førstkomande haust.

## **OS 34/18 Referat frå felles ordførar- og rådmannsmøte i 7-stjerna**

Utdeling av dokument: referat frå felles ordførar- og rådmannsmøte i 7-stjerna.

Det vart føreslege under sist møte i dette forumet, datert 15. 06.2018, at Hornindal kommune skal inviterast inn. Fellesnemnda tok referatet elles til vitande.

Møtet slutt kl. 12:57

Rett utskrift,  
Volda kommune, samfunn og rådgjeving  
22.06.2018

Joakim Rødven  
Kommunikasjonsrådgjevar